



HEI 😊

Då er hausten her og det er igjen tid for ei informasjons- og nyheitsoppdatering frå oss i NLT. Vonar dette er noko du tykkjer om. Kom gjerne med tips eller ynskjer til tema og innhald. Slik kan vi gje deg informasjon som du tykkjer er interessant.

AKTUELT

TILSKOT TIL LANDBRUKSVIKAR FOR AVLØYSARLAG

Søknadsfrist for søknad om tilskot til landbruksvikar for 2017 er **1. oktober 2016**.

Informasjon samt søknadsskjema finn du [her](#).

AVLØYSARPLAN

På heimesida vår er det no lagt ut avløysarplan for 2017. Du finn den [her](#).

ABAX - ELEKTRONISK KØYREBOK

NLT har inngått avtale med Abax når det gjeld abonnement på elektronisk køyrebok. Etter at det vart innført nye skattereglar frå 1. januar 2016 er det berre elektronisk køyrebok som er godkjent dersom ein vil dokumentere privat bruk, eller få ekstra frådrag over 40 000 kilometer. Vår kostnad (normal kostnad i parantes); Startkostnad på standard køyrebok kr 2.700,- (3.640,-) og månadskostnad kr 205,- (370,-). Du kan lese meir om produktet [her](#).

FØRARRETT TRAKTOR FOR UTLENDINGAR

Noko som har vore ukjent for oss, og mange andre har vi inntrykk av, er at personar med førarrett for traktor i heimlandet ikkje automatisk har førarrett for traktor i Noreg. Bladet Bedre Gardsdrift har i siste utgåve ei nyheitssak på dette. Meir informasjon finn du [her](#). Vi vil i saman med Faglaga arbeide for å få endra dette regelverket.

NY OVEREINKOMST

Vanlegvis er overeinkomsten oppdatert frå 1. april, men grunna hotellstreiken vart ikkje forhandlingane mellom Fellesforbundet og NHO Mat og Drikke gjennomført før 17. og 18. august. Uravstemminga hadde frist 9. september og vart godkjend. Les meir [her](#).

LØNSSTATISTIKK

Minner om at lønsstatistikk skal leverast til NHO Mat og Drikke innan 30. september 2016. Dette gjeld NLT lag som er medlem hjå NHO Mat og Drikke. Dersom du ikkje har gjort dette, finn du skjemaet [her](#). Fyll ut skjema og send det i retur til Nina Skjelbred på e-post ns@nhomd.no så snart som mulig og seinast innan 30. september 2016.

WEBTEMP

Har du meldt deg på Webtempkurs på årets haustsamling? I så tilfelle gleder vi oss til å ha deg med på Webtemplaget! 11 nye lag tek programvara i bruk ved neste årsskifte! Dersom du ikkje har meldt deg på årets Webtempkurs, kan du lese meir om kva fordelar du og laget ditt vil få ved av å ta i bruk programvara [her](#), og melde deg på til neste års kurs.

ADMINISTRASJONSHANDBOKA

Administrasjonshandboka er straks klar for lansering. Vi i administrasjonen gleder oss til å presentera den for deg på haustsamlinga. Vårt ynskje er at du som skal ha nytte av denne, kjem med tilbakemeldingar til oss om korleis vi kan gjere dette til eit best mogeleg verktøy for deg. Handboka er allereie presentert i to forskjellige arenaer og vi har fått mange gode og konstruktive tilbakemeldingar, disse er implementert.

VELFERDSORDNINGANE

ENDRINGAR I FORSKRIFT OM TILSKOTT TIL LANDBRUKSVIKARVERKSEMD

Frå 15. september er det innført endringar i forskrift innafor landbruksvikarordninga. Den viktigaste endringa som er gjort for vår del er at vår plikt til å stille med landbruksvikar er avgrensa til 14 dagar. Tanken bak dette er;

- Laga vil auke beredskapen då gardbrukar ikkje skal kunne krevja landbruksvikar lengre enn 14 dagar.
- Laga kan tilby landbruksvikar i lengre periodar dersom det er ledig kapasitet.
- Pris per dag under sjukdom er tilsvarende maksimal dag sats, uavhengig av lengde på periode.

Meir informasjon finn du [her](#).

LANDBRUKSMELDINGA

Ny landbruksmelding er venta i haust. Denne vil leggja føringar for landbrukspolitikken framover og skal vedtakast i Stortinget. I samband med dette arbeider vi med informasjon og møter opp mot ulike politiske representantar på Stortinget. Det er viktig at ein og gjere dette lokalt og regionalt, og utnyttar det nettverket ein har for å påverka. Regjeringa held informasjon om innhald i meldinga tett til brystet, men vi veit etter møter med mellom anna landbruks- og matministeren at det er press på ferie- og fritidsordninga frå einskilde krefter i regjeringa.

ENDRINGAR I SØKNADSRISTAR OG SØKNADSSKJEMA FOR PRODUKSJONSTILSKOT

Frå og med mai 2017 vil det kome endringar i søknadsfristar og søknadsskjema for søknad om produksjonstilskot og tilskot til avløysing ved ferie og fritid. Landbruksdirektoratet har sendt ut melding i Altinn til dei som har søkt produksjonstilskot det siste året. Link til heimesida er lagt ved [her](#).

KURS, SAMLINGAR OG MØTER

Sommaren er prega av ferieavvikling, og det er ikkje like mykje møter og aktivitetar som elles i året. Styret og administrasjonen i NLT er aktive på mange forskjellige plan. Mellom anna har vi i

sommar hatt møte med landbruks- og matminister Jon Georg Dale. Du kan lese meir om vårt engasjement og vår deltaking [her](#).

FORNYING AV FORSIKRINGAR

Vi er på god veg inn i eit nytt «NLT-forsikrings år». 1. oktober er hovudforfall på våre forsikringar og alle skal no ha fått faktura. Om det er noko de skal endre så ta kontakt med oss snarast. Les meir om forsikringar [her](#).

ERFARINGAR MED NYTT E-POST SYSTEM

NLT gjekk over til nytt e-post system gjennom Netsense den 4. juli. Overgangen gjekk greitt, meir informasjon om korleis ordninga fungerer i ulike e-postlesarar finn du [her](#).

SMITTEVERN

I Norge er vi i dag langt framme i forhold til mange andre land når det gjeld smittevern. Det er viktig at vi er vår rolle bevisst for å hindre spreing av smitte. Vi har tidlegare informert om kva ein skal vera obs på i samband med LA-MRSA, informasjon om det finn du [her](#). Eit anna aktuelt tema er smittsam hoste og diaré hos storfe. Informasjon om dette finn du [her](#).

DIVERSE

Frå 1. periode 2017 er det ny MVA rapportering. Du kan lese meir om det [her](#).

KVA SKJER FRAMOVER

HAUSTSAMLINGA 25.- 27. OKTOBER

Haustsamlinga står snart for døra, og vi håpar de har funne programmet og kursa interessante. Årets samling vert som det står i invitasjonen på Thon Hotel Oslo Airport. Her vil vi få topp moderne kurs lokaler som er lyse og luftige, og dette er noko som har vore sakna under dei siste samlingane vi har hatt på Gardermoen. Fram mot samlinga har eg hatt fleire møter både med hotellet , men og med kontaktpersonen i Thon-kjeda. Dette for at både vi men ikkje minst hotellet mest mogleg forberedt på førehand slik at arrangementet går så knirkefritt som mogleg. Siste møte hadde eg i sommar, der vi gjekk igjennom detaljane med tanke på antal grupperom, kva tid vi treng dei ulike grupperomma osv. I tillegg fekk vi diskutert litt vidare samlingar for dei komande åra. Så vil tida vise om de som deltakarar på haustsamlinga vert nøgd med hotellet, for det er og ei viktig brikke i arbeidet med å finne best egna hotell. Vi gleder oss til vi sjåast på samlinga!

AGROVISJON 27. - 30. OKTOBER

I år blir årets mest populære landbruksmesse arrangert i Stavanger Forum. Ynskjer du å bidra med å promotera NLT. Bli med oss på stand på Agrovisjon! Høver dette for deg, send ei melding til Tor på e-post til tor@n-lt.no.



NESTE NYHEITSBREV KJEM I SLUTTEN AV DESEMBER.

MED DETTE YNSKJER ALLE I STYRET OG ADMINISTRASJONEN DEG EIN VEDUNDERLEG
HAUST!